



Her tek vegen inn til uttaksområdet av til høgre - frå den aktuelle fylkesvegen- (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Statens vegvesen har ikkje i dag planar om utbetring av fylkesvegen som eventuelt skal nyttast for sandtransport.**

**Dette blir opplyst i vegvesenet si uttale til reguleringsplanen, som no føreligg.**

**Det er opplyst at det vil verta uttransport av 10-15 lass om dagen med transport frå måndag til laurdag frå klokka 8 til 22.**

Vegvesenet opplyser at fylkesvegen er gitt bruksklasse 10 og ikkje tillet bilar lenger enn 12.40 meter. I konsekvensutgreiinga er det vurdert at tiltaket vil kunne ha negativ konsekvens for trafikktryggleik og tryggleik for mjuke trafikantar. Det er vist til at aktuelle tiltak for å avbøta dette vil vera punktvis eller strekningsvis utbetring av vegen og reduksjon av fartsgrense frå 80 til 60 kilometer i timen.

Statens vegvesen finn ikkje at konsekvensane til mjuke trafikantar, mellom anna skuleborn, og auken med tunge køyretøy er tilstrekkeleg utgreidd. Vegvesenet har ikkje pr. i dag planar om utbetring av denne vegstrekka og påpeikar at det heller ikkje er vist til kva strekningar og punkt som bør utbetrast for å avbøta dei negative konsekvensane.

Dette burde vera med i planen og gjeve rekkjefølgjekrav før tiltaket med uttransport av massar kan finna stad. Vegvesenet ser ikkje at reduksjon av gjeldande fartsgrense vil oppnå ynskt resultat i høve trafikksikring på denne strekkja.

I konsekvensutgreiinga er det også føreslege at tiltakshavar kan refundera kostnadar med busskort til dei borna som ikkje har rett på fri skuleskyss fram til at vegstandarden tilseier at trafikktryggleiken til dei mjuke trafikantane er ivaretatt. Statens vegvesen er skeptisk til dette - korleis det skal fellast ned i føresegnene - og spør om det er høve til dette.

Vegvesenet peikar også på at unge og born ikkje ferdast langs vegen berre til og frå skulen. Det er i dag mykje som går føre seg utanom skuletida. Born skal besøkje vener og vera med på andre aktivitetar både vinter og sommarstid.

Vegvesenet meiner kommunen bør sjå på alle desse punkta i samband med revidering av kommunen sin trafiksikringsplan. og reguleringsplanen bør ikkje godkjennast før aktuelle tiltak og utbetringar er gjennomført - og eventuelle rekkjefølgjekrav på forbetrande tiltak er teke inn i føresegnene.

Av Ola Matti Mathisen